

Dykkar ref.:


Vår ref.:  
02/brev\_Melding om utvida plan.docx

Dato:  
2024-11-14


## ► Melding om utvida planområde for ZipLine-anlegg, Jostedalen

### Bakgrunn og formål med planarbeidet

Norconsult AS er engasjert av Elvepurka AS for utarbeide detaljreguleringplan for etablering av eit ZipLine anlegg, sør for Breheimsenteret i Luster kommune.



Figur 1 Lokalisering av planområdet



Figur 2 Framlegg til ny planavgrensing

Planområdet ligg langs elva Jostedøla, sør for Breheimsenteret og nord for bygda Gjerde. Området ligger langs Fv. 604, ca 30 minutt med bil frå Gaupne sentrum. Planområdet er på tilnærma 132 daa.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit ZipLine anlegg med tilhøyrande parkeringsareal og eit mindre bygg for oppbevaring av utstyr. Planarbeidet skal leggje til rette for ein kombinasjon av fysisk aktivitet, naturopplevingar og reiseliv. Noko som har ein dokumentert helseeffekt, og vil vera ei viktig kjelde for helse og livskraft.

### **Planprosessen og bakgrunn for utvida planområde**

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Sogn Avis den 25.06.2024, samt på nettsida til Luster kommune. Varselbrev vart sendt til naboar og offentlege etatar den 18.06.2024. Innspela som kom inn til dette varselet er allereie registrert og vert teke med vidare i plansaka.

Gjennom dei innleiande delane av planprosessen har me no identifisert at me må regulera større delar av område avsett til LNFR. Bakgrunnen for dette er at Elvepurka AS på lang sikt kan sjå føre seg å utvide ZipLine-anlegget også lenger mot sør, og det er tenleg å få


vurdert og avklart denne arealbruken innanfor noverande planprosess. Lengst nord i planområdet er det også teke med noko meir areal på vestsida av elva, for å sikre tenleg lokalisering for å plassere ZipLine-stasjon.

### Tilhøvet til overordna og gjeldande planar

Luster kommune har i gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, vedteke 16.06.2022, føresett at reiselivet er ei stor næring i Luster, og at utvikling av reiselivet framover må ha eit berekraftperspektiv. Luster kommune legg særleg vekt på at dei må legge til rette for at folk ønskjer å bu i alle delar av kommunen, og eit mål for å nå dette må være å sjå næringsutvikling og samfunnsbygging i samanheng.

Det aktuelle arealet er avsett til LNF-føremål i gjeldande arealdel til kommuneplanen. I utgangspunktet er det ikkje høve til å etablere turistanlegg innanfor det aktuelle området. I framlegget til ny arealdel til kommuneplanen for Luster kommune er området foreslått omdisponert til Fritids- og turistføremål.

Arealet er ikkje regulert.



Figur 3 Utsnitt frå gjeldande kommuneplanstatus, (Kjelde:Kommunekart.com).

Utvidinga av planarbeidet fører etter kommunen si vurdering ikkje til krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan og bygningslova. Norconsult AS har lagt til grunn at etablering av eit ZipLine-anlegg ikkje fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Den samla

vurderinga vert ut frå ovannemnde, at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande. Heile vurderinga kjem fram av vedlagde notat.

Alle kjende grunneigarar/naboar som grensar til eller ligg innanfor planområdet får tilsendt dette varselet.

I tillegg vert oppstart av planarbeid annonsert i Sogn Avis, og lagt ut på nettsida til Luster kommune: <http://www.luster.kommune.no>

For nærare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Cornelis Erstad

mob. 410 43 715

e-post: [cornelis.erstad@norconsult.com](mailto:cornelis.erstad@norconsult.com)

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS  
v/Cornelis Erstad

[cornelis.erstad@norconsult.com](mailto:cornelis.erstad@norconsult.com)

Campus Fosshaugane

Trolladalen 30

6856 Sogndal

Vi ber om at ev. innspel til varsel om planoppstart vert sendt skriftleg *innan 10.12.2024*.

Med vennleg helsing  
**Norconsult Norge AS**

Cornelis Erstad